

Sendt: 27. november 2017 12:20
Til: Kristoffer Gilhus
Emne: Leigekontrakt mellom Hordaland fylkeskommune og Osbanens Venner om Stend stasjon

Hei.
Det går heilt fint !
Erling

Fra: Kristoffer Gilhus
Sendt: 23. februar 2017 13:47
Til: Erling Kjosås <Erling.Kjosas@hfk.no>
Kopi: Knut Jordal <Knut.Jordal@hfk.no>
Emne: VS: Leigekontrakt mellom Hordaland fylkeskommune og Osbanens Venner om Stend stasjon

Hei Erling.

Informerer deg også om dette.
Osbanens venner ønsker å fornye avtalen med 10 år. Dersom skolen har merknader, er det fint om jeg får dem i løpet av uken.

Viktigste endring blir en utvidelse av området, som vist på vedlagt kart, hvor de har planer om et nytt bygg på vaskehustomta.

Mvh
Kristoffer Gilhus

Fra: Per Ivar Tautra [<mailto:per.tautra@gmail.com>]
Sendt: 23. februar 2017 07:30
Til: Kristoffer Gilhus <Kristoffer.Gilhus@hfk.no>
Kopi: Bjarte Molvik <Bjarte.Molvik@hfk.no>; Guro Klyve <Guro.Klyve@hfk.no>
Emne: Re: Leigekontrakt mellom Hordaland fylkeskommune og Osbanens Venner om Stend stasjon

God morgen!

Og takk for hyggjeleg tilbakemelding!

Vedlagt følgjer eit framlegg til kart som syner areal som Osbanens Venner ønskjer å ha inkludert i avtalen. Eg har mot aust strekt grensa nokre få meter forbi vognhallen. Det er berre gjort for at me skal kunna gå rundt hallen og driva vedlikehald frå "eigen grunn", ikkje for å kunna gje ytterlegare tiltak der. For vaskehustomta har me tilsvarande strekt grensene litt utanfor sjølve grunnmuren. Mot vest frå vaskehuset har me strekt grensa slik at me får inkludert det som ein gong var "stasjonsmeisterhagen" og ein liten knaus der me har ønske om å setja opp ein benk. Framlegget er neppe til hinder for jordbrukskulen sine aktivitetar, men det kan nok eventuelt gardsstyraren stadfesta.

Ettersom leigekontrakten omfattar stasjonsbygning og stasjonsområde, vil me føreslå at det for orden si skuld vert teke inn ein passus om at kontrakten ikkje omfattar vognhallen som bygning, då det er Osbanens Venner som har oppført og eig denne.

Poenget med vedlikehald var at tunge oppgåver ikkje må liggja som ei plikt for Osbanens Venner. Det har fungert godt i alle år, og me kjem heilt sikkert til semje om ei fornuftig formulering som ivaretak alle omsyn.

Venleg helsing
for Osbanens Venner

Per Ivar Tautra

2017-02-21 11:35 GMT+01:00 Kristoffer Gilhus <Kristoffer.Gilhus@hfk.no>:

Hei.

Det er jeg som blir kontaktperson her.

I utgangspunktet regner jeg med at det går greit å fortsette avtalen mer eller mindre som før.

Har dere mulighet til å tegne inn arealet dere ønsker å utvide med? Tenker da særlig på området rundt det gamle vaskehuset, da det er vanskelig å vite hvor mye dere trenger ved evt. gjenoppbygging.

Når det gjelder vedlikeholdsansvaret, forstår vi at det kan bli tungt hvis det dukker opp større saker. Et forslag kan være at vedlikeholdet deres etter avtalen begrenses. Jeg kan foreslå en ordlyd.

Men vi kan ikke legge større vedlikeholdsoppgaver på oss selv heller, som Bjarte skriver i mail under. Blir det større ting, vil altså vi ha ansvaret, uten at det følger en plikt til å faktisk utbedre.

Jeg forstår at samarbeidet med Kulturavdelinga her har vært godt i forhold til drift og vedlikehold av byggene, og jeg må snakke med dem også før jeg kommer tilbake til dere.

Vennlig hilsen

Kristoffer Gilhus
Spesialrådgjevar - jurist
Eigedomsavdelinga



Tlf: 55 23 90 67

www.hordaland.no

Fra: Bjarte Molvik

Sendt: 21. februar 2017 08:29

Til: Kristoffer Gilhus <Kristoffer.Gilhus@hfk.no>

Kopi: Guro Klyve <Guro.Klyve@hfk.no>

Emne: VS: Leigekontrakt mellom Hordaland fylkeskommune og Osbanens Venner om Stend stasjon

Hei

Videresender denne, og seier meg enig med Tautra i at tida går fort :-D. Trudde ikkje det var så lenge siden eg holdt på med dette. Regner med at ein av dere er nærmare enn meg til å følgje dette opp no. Nevner likevel at deiras behov for ikkje å kunne påleggess større vedlikeholdsoppgåver må tilpassas/vurderes opp mot at vi ikkje har budsjett til det heller – i alle fall ikkje som del av løpende drift.

mvh

Bjarte Molvik

Seniorrådgjevar

Eigedomsavdelinga

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 95 34

Fra: Per Ivar Tautra [<mailto:per.tautra@gmail.com>]

Sendt: 20. februar 2017 19:16

Til: Bjarte Molvik

Emne: Leigekontrakt mellom Hordaland fylkeskommune og Osbanens Venner om Stend stasjon

Hei!

Syner til kontakt som me hadde for snart ti år sidan (Tida går fort!) og til vedlagt skann av gjeldande leigekontrakt mellom Hordaland fylkeskommune og Osbanens Venner om leige av gamle Stend stasjon, Titlestadvegen 12 i Fana.

Som det framgår av leigekontrakten pkt. 2, løper kontrakten ut 1. april i år. Det er ikkje lenge til, og på vegner av Osbanens Venner vil eg med dette signalisera at Osbanens Venner er interessert i å fornya leigekontrakten.

Osbanens Venner har no leigd Stend stasjon i snart 30 år, frå 1987 til i dag. I løpet av åra, særleg dei seinare åra, har Osbanens Venner gjort mykje for å setja i stand, rydda og utvikla stasjonsområdet med stasjonsbygningen til å vera eit museum og minnesmerke over Nesttun-Osbanen. Stasjonen er eit populært innslag i nærmiljøet. I tillegg må det framhevast at stasjonsbygningen på Stend er den einaste av stasjonsbygningane frå Osbanen som står att i tilnærma opphavleg form. Osbanens Venner vonar difor å kunna disponera og utvikla stasjonsområdet vidare.

Det kan leggjast til at det i seinare år har vore jamt årlege møte mellom Hordaland fylkeskommune og Osbanens Venner om behov og planar for Stend stasjon. Leiar i Osbanens Venner, Ingvard Aam, har p.t. kontakt med Roald Landøy for å få i stand eit nytt møte no i vår.

Osbanens Venner søker med dette om å få kontrakten fornya.

Det er knappe halvannan månad til kontrakten løper ut. Om det ikkje er mogeleg å få i stand ein ny signert kontrakt innan kontrakten løper ut, vonar Osbanens Venner at fylkeskommunen kan stadfesta at leigetilhøvet kan løpa vidare uendra til ny kontrakt er signert.

Dersom Hordaland fylkeskommune vil oppretta ny leigekontrakt med Osbanens Venner, har me innspel til eit par av punkta i den gjeldande kontrakten:

Pkt. 3.: Dette punktet vart endra for ti år sidan, for at kontrakten skulle fanga opp at Osbanens Venner disponerer ikkje berre stasjonsbygningen, men også stasjonsområdet. Osbanens Venner vil føreslå at teksten og kartet vert justert. Kontrakten vart inngått før vognhallen vart omsøkt og bygt. Delar av vognhallen ligg i realiteten aust for den austlege avgrensinga av det leigde området slik det er teikna på kartet. Den innteikna bygningen (med husnr. 16 på kartet) er sanert for mange år sidan. I tillegg ønskjer me å få innlemma litt av arealet som ligg rundt tomta som det gamle vaskehuset har stått på. Osbanens Venner har eit mål om å ein gong kunna gjenoppføra vaskehuset. På kartet er sjølve grunnflata til vaskehuset skravert som leigeareal, men ingenting rundt, og vaskehustomta er ikkje nemnt med eit einaste ord i kontrakten.

Pkt. 6: Vedlikehaldsplikta er for så vidt OK. I seinare år har praksis vore at Hordaland fylkeskommune har teke på seg dei større rehabiliterings- og utbetringsoppgåvene, medan Osbanens Venner har hatt ansvaret for tilsyn og løpende vedlikehald. Det ville vore ein fordel om ei slik fordeling kunne vorte kontraktsfesta. For Osbanens Venner som frivillig organisasjon utan offentleg driftsstøtte ville det vera uheldig om det skulle verta avdekka behov for større utbetringer som HFK kunne påleggja foreininga, men som foreininga ikkje ville klara å gjennomføra utan særskilte tilskot. Å skaffa midlar til ulike tiltak tek normalt nokså lang tid.

Håpar på positiv respons på ovanståande. Dersom fylkeskommunen ønskjer det, tek Osbanens Venner gjerne eit møte og/eller ei synfaring. Eit møte kan eventuelt kombinerast med det møtet som Landøy likevel skal ha med Osbanens Venner.

Om du ikkje er rette mottakar av denne e-posten, ville det vera fint om du kunne vidaresenda han til rette vedkomande.

Med venleg helsing
for Osbanens Venner

Per Ivar Tautra
Per.tautra@gmail.com
Tlf. 986 60 768

Osbanens Venner, Postboks 87 Fana, 5859 Bergen